



Uskedal Mjølkelag sitt hus, der Inger Lise B. Eidsvik har bruktbutikken sin, er under renovering. I samband med det er eit mangeårig innslag i fasaden plukka ned - den store oppslagstavla.

Tavla har heilt sidan før krigen vore ein sentral nyhendesentral og er på sett og vis eit kulturklenodium. Men korleis går det no med tavla?



- Tavla skal opp att, om mogeleg utan å verta skifta ut heilt eller delvis. Det beste er sjølv sagt om ho kan renoverast, seier Anne Lise som naturleg nok har stor sans for slike spesielle minne om tida som var.

Kunngjeringane på tavla fortel at ho framleis har ein viktig funksjon. Dei er tildels svært aktuelle.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen